

**Fra:** Elin Styve <elin.styve@yahoo.no>  
**Sendt:** tirsdag 22. februar 2022 22:44  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Fw: Dykkar ref. 21/9144 - 22/8368  
**Vedlegg:** svar på spørsmål frå 202-86.docx; naboliste frå kommunen.pdf; kvittering nabovarsel.docx.pdf

Saknr: 114/22

Til Are Frøysland Grande og Mette Robertsen

Hei, og takk for svar på søknad om byggeløyve på tiltak utan ansvarsrett.

Det blir påpeika nokre manglar, eit par av dei er vanskelege å forstå:

"Nytta kart med teikning av tiltaket samsvarar ikkje med oppdaterte kart i Nordhordlandskart eller i GisLine."

Det kan vel ikkje stemma?

Kart som me har nytta er tatt dagsferskt frå Nordhordlandskart på nettet, eg forstår ikkje kva som kan vera meir oppdatert enn det som ligg online. Kvar kan ein borgar/brukar innhenta oppdaterte kart viss ikkje Nordhordlandskart har det?

"Det manglar siktline teikna på kart ved annekset."

Det kan vel ikkje stemma? I mail til dykk låg det ved kart (omtalt som vedlegg 1 i mailen i januar), med innteikna siktlinje, og teksten: "Siktlinje frå innkjørsel er vist med stipla raud linje." Me meiner me har vist siktlinje både i kart og bilete, kan de sjå på vedlegget på nytt?

Me forstår heller ikkje kva som er mangelfullt ved nabovarselet. Det er levert utfylt skjema og ytre/indre teikningar, og svart på spørsmål frå ein nabo med ettersending til alle, slik at alle fekk same svar (ytterlegare informasjon om dette vedlagt her). Kartet stemmer med terrenget.

Eg søkte i oktober 2021. Det har sidan då vore svært vanskelig å komma i dialog med dykk rundt eit tiltak som på papiret skulle ha tre vekers behandlingstid. Me har forsøkt på både mail og telefon i fleire månader, utan respons før seint i januar. Eg prøvde også i førre veke med fleire henvendelsar på telefon, for å sjekka om alt var i orden med det eg hadde sendt inn. Eg har stor respekt for arbeidsmengda dykkar i ei krevjande coronatid. Likevel er det som brukar vanskeleg å forholde seg til manglande dialog og så mykje uvisse rundt både prosess, behandlingstid og ulik forståelse av dokumentinnhald. Dei innleiande påpekningane referert til over, kan eg ikkje forstå skal vera grunnlag for å unnlata å gjera ein fullstendig gjennomgang av søknaden, då eg meiner dei er besvart.

Beste helsing Elin F. Styve

977 65 066